



Elieser 6 på plass ved Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også sommaren 2009 var mange spanande båtar med særpreg innom båthamnane våre i Uskedalen. Men båten som la til på Sandakaien tysdag var likevel spesiell samanlikna med alle andre, fordi han er eit flytande forsamlingshus!



Forkynnar Gunnar Innerdal og mannskapet på Elieser 6 syng Eliesersongen i starten av møtet. Dei fire som gjer teneste om bord akkaurat no er Marton Tønnessen, Tone Kallevåg, Arne Hansen og Ditlev Møller. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Betelskipet Elieser 6, som tilhøyrrer Den indre Sjømannsmisjon, har sigla mellom Finnmark og Østfold i 17 år og nokon kallar denne båten og forgjengarane ei flytande fyrlykt langs kysten vår. Historia bak Elieser-skipa er eit spesielt kapittel i historia til misjonsverksemda her i landet. Den har røtene sine heilt attende til 1903 då Elieser 1 vart sett i drift.



Vel 20 kom til møtet ved Sandakaiaen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var den legendariske pioner i Den indre Sjømannsmisjon Mons Olsen som sto bak tiltaket. Han innsåg at det ikkje var mogeleg å nå alle fiskarane gjennom dei tradisjonelle fiskarheimane og fall for tanken om ein flytande fiskarheim med mellom anna sjukestove, forsamlingsal, spisesal, lesesal og skriverom.

Det kunne ha vore skrivi ei bok om Elieser-skipa, men her skal vi berre ta med at båten som gjorde teneste frå 1939 til 1990 var spesialkonstruert for tenesta og bygt hos Gravdal på Sunde! Båten fungerte mellom anna også som sjukehus og postkontor!

Elieser 6 har ei fortid som restaurantbåt i Stockholm-skjærgården og cruisebåt i Afrika. På 1990-talet vart båten bygd om og forlenga med seks meter og er godt eigna for føremålet. Elieser 6 har ein fast, dobbel besetning på fire som skiftar etter ein månad. I vår- og sommarhalvåret blir båten leigd ut til grupper, lag og organisasjonar, men ellers går han frå hamn til hamn sju dagar i veka. Denne gongen kom han frå Leirvik til Uskedalen og dagen etter stod Varaldsøy på programmet.

Det er også høve til å bli med skipet på møteturar, ettersom Elieser 6 kan ta 12 passasjerar. Dette er "taket" fordi båten er omregistrert frå passasjer- til lastebåt. Døgnprisen er berre 420 kroner inklusive alle måltider.

Mannskapet på Elieser 6 må naturleg nok spela på mange strengar – bokstaveleg tala.. Til dømes selde skippar Marton Tønnessen årer under møtet i Uskedalen og det vart leia av husmor Tone Kallevåg. – Vi hjelper kvarandre og har eit einestående samhald, sa ho til uskedalen.no

Både Marton og Tone er frå Karmøy medan Arne Hansen kjem frå Nordland og Ditlev Møller er frå Halsnøy. Denne veka er også Gunnar Innerdal frå Ålvundeid med som forkynnar. I Uskedalen møtte han ein annan "Gunnar forkynnar", som må kallast superveteran – Gunnar Kjærland. Han takka for beesøket og sa at det var "velsigna å sitte i eit anna bedehus enn vårt eige". I overkant av 20 var på møtet, men gjennomsnittet ligg rundt 40, fortel mannskapet.

Korleis blir så framtida for Elieser 6? Seilassen er på ingen måte problemfri, det går fram av ei oppmoding i organisasjonen sitt organ "Trygg havn". Dagleg leiari Roald Øvrebø strekar her under at det no er behov for eit krafttak frå givarane og viser til den vanskelege situasjonen sist haust og vinter. Då måtte dei innskrenke verksemda og mellom anna leggja båten i bøyene tidlegare enn vanleg. Dei vonar at dei slepp det i år.

Av Ola Matti Mathisen



Alle gjer alt på Elieser 6 – her sel skipparen årer. (Foto: Ola Matti Mathisen)